

Ein meir enn i fjor tar merket!

26.08.2008



Pulja med merketakarar denne tysdagen klare ved lengdegropa. Frå venstre sit Ingrid Kroka, Sidsel Stigum, Britt Torill Mathiesen, Edith Haugland og Steinar Kroka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det går ikkje akkurat framover med stormskritt for idrettsmerkeutvalet i Uskedalen, men det går da framover! Medan 10 tok merket i 2006, auka talet med ein til 11 i fjor og no tyder alt på at det blir 12 i 2008.

I hvert fall var ei pulje på fem i aksjon med merkeprøver på Heio tysdag ettermiddag medan talet under prøva ei veke tidlegare var sju. Som den førre pulja skulle også denne til fjells på uthaldenheitsprøve når testane av spenst, hurtigkeit og styrke var unnagjort. .

Den som i år sluttar seg til fjorårets merketakarar er Britt Torill Mathiesen.

Her er dei 11 frå i fjor som er i ferd med å gå gjennom nålaugen også i år: Tordis Myklebust, Kurt Haugland, Vivik Rimestad, Aslaug Lyse, Kjersti Rød Bråtun, Åshild Sjøwall, Astrid Haugland, Sidsel Stigum, Steinar Kroka, Edith Haugland og Ingrid Kroka.

Men framleis gjeld etterlysinga til utvalet etter fleire unge og fleire menn!

Av Ola Matti Mathisen



Ingrid Kroka på god tur til å klare lengdekravet medan dei fire andre merketakarane tysdag følgjer med. (Foto. Ola Matti Mathisen)